

## **Handsama i Formannskapet - 22.06.2015:**

Formannskapet starta møtet med at prosjektleiar Magnus Natås frå Statens vegvesen presenterte framlegg til reguleringsplan for Sotrasambandet.

Planen er svært omfattande og av dei største vegprosjekta Statens vegvesen, region Vest har arbeidd fram. Natås gjekk difor grundig igjennom framlegget som no skal leggjast ut på høyring.

Reguleringsplanen for Sotrasambandet er delt i to; ein frå strekninga Kolltveit til grensa Bergen kommune/ny bru og den andre frå ny bru/grensa Bergen/Fjell til Storavatnet.

Fjell kommune skal behandla planen for parsellen Kolltveit - grense Fjell/Bergen kommune medan Bergen behandlar resten av planområdet.

Sotra sambandet skal regulerast som OPS-prosjekt (offentleg/privat-prosjekt), vil gje 9,4 kilometer firefelts veg mellom Kolltveit og Storavatnet og har ei kostnadsramme på 8,9 mrd kroner.

I utgreiingsarbeidet har Statens vegvesen vurdert to alternative brutypar; hengebru eller skråkabelbru. Ut frå alle kriterium som er vektlagt, tilrår Statens vegvesen å velja hengebrualternativet, og det er dette alternativet som er lagt til grunn i reguleringsplanen.

Statens vegvesen står fast på at ei ny bru ikkje bør dimensjonerast for bybane. Dette vert mellom anna grunngeve med bybanen må opnast seinast seks år etter at ei ny sotrabru er teken i bruk for at det skal vera økonomisk lønsamt med ei slik ekstrainvestering. Det er mogleg å koma tilbake til spørsmålet om bybane vest for Bergen dersom det vert ein realitet.

Planen legg til rette for omfattande kollektivløysingar. Det vert ikkje regulert inn kollektivfelt i firefeltsvegen, men etter skiltova kan det verta aktuelt å nytta to av dei fire felta til kollektivfelt eller sambruksfelt dersom det vert behov for det.

På Kolltveit er det lagt til rette for eit vegsystem som lett kan tilpassast vidare utbygging av fylkesvegnettet mot nord fv 561 (Kolltveit-Ågotnes) og sør (fv 555 Kolltveit-Austefjorden). Planforslaget legg til rette for utbetring og nybygg av eit gang- og sykkelvegssystem som gjev trygg og god tilkomst til busshaldeplassar, skule m.m. BKK og Statens vegvesen går inn for at det vert søkt om konsesjon for eit alternativ med å leggja høgspenkabelen (300 kilovolt) via eksisterande sotrabru med kabel i korte landtunnelar på kvar side. Det er lagt opp til etablering av ny kollektivterminal på Straume like nord for dagens terminal.

I første omgang vert det etablert ei stor rundkjøring på Kolltveit som ved seinare utbygging av nord/sør-samband kan verta ombygd til toplans kryss. Frå Kolltveit til Bildøystraumen er det foreslått å byggja to nye tunnellop.

På Bildøyna vert det tilrådd å byggja ei rundkøyning i "planet" over riksvegen.

Mellom Bildøyna og Straume er det tilrådd at eksisterande riksveg 555 vert lokalveg. Frå krysset på Bildøyna vert den nye riksvegen bygd parallelt med noverande veg og med bru parallelt med dagens bru over Straumssundet. Vidare austover vert den nye riksvegen ført i fjelltunnel under Straume sentrum, medan dagens veg vert ført vidare som lokalveg til Straume sentrum. Dette vil krevja uttapping av Stovevatnet som igjen kan skapa grunnlag for oppfylling og planering av arealet som kan nyttast til byutvikling.

Straumekrysset, som ligg mellom Straume sentrum og Arefjordpollen vert forma som kryss med rundkøyningar på sekundærvegen. Krysset vert kopla mellom den nye riksvegen og eksisterande riksveg 555 og ny fylkesveg 209 mot Storskaret.

Mellom Arefjord og Bergen grense går den nye veggen over Arefjordpollen på nye bruer om lag 200 meter nord for eksisterande veg. Den nye veggen krev uttapping og oppfylling av Mustadvatnet.

Formannskapet fekk høve til å stilla spørsmål under presentasjonen som Magnus Natås svara på.

Etter drøfting vart saka teken opp til røysting og rådmannen si innstilling vart **samrøystes** vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 22.06.2015:**

1. Formannskapet godkjenn at framlegg til områdereguleringsplan for Sotrasambandet, strekning Kolltveit – Bergen grense, med planskildring, reguleringskart og føresegner vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.
2. Utlegginga vil verte kunngjort på vanleg måte rett etter sommarferien 2015, og med 6 vekers høyringsfrist.